

## Endeleg busslomme ved Ljosnes?

15.04.2010



**Den langdryge saka om busslomme ved Ljosnes går no truleg og endeleg mot ei løysing. Kommunen har laga plan for ny busslomme på nordsida av vegen og er innstilt på å ta kostnaden ved byggjing. I tillegg er det planar om utbetring av buss-stoppen på motsett side i tilknytning til eksisterande avkøyning.**

**Statens vegvesen har ingen merknad til planen så langt.**

I budsjettet for fylkesvegar for 2010 er det sett av 600.000 kroner til føremålet.

Statens vegvesen skriv til kommunen at dei kan ta del i kostnaden, men ynskjer at kommunen innhentar tilbod og står for utføringa.

Det må og ordnast med nødvendig grunn. Vegvesenet ber om at komplette planar og innkomne tilbod vert sendt dei før endleg kontrakt med entreprenør vert inngått.

Biletet over vart teke under ei synfaring med deltaking av kommunen, vegvesenet og oppsittarar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)